

Velkomstsong 1943

Julefest på Ulla

Tone: Se Norges blomsterdal

Velkomne hit på fest!
Godt år og takk for det som for,
og fred utover jord!
me ønskjer kvar ein gjest.
Om det er kamp og krig,
og verda full av hat og svik,
./. Me samlast i forlik ./.

Visst er me ganske få,
og tregt det var å få i sving
den allerminste ting,
for sume slo seg frå.
Men no er allting klart
og de skal tru her er 'kje spart
./. på energi og fart ./.

Men de som komne er:
Fell ei for hard og streng ein dom
over dei unge som
skal debutera her!
Tra-la-la-la-la-la!
Me har slikt liv i sjel og kropp,
./. det kan 'kje demmast opp ./.

Om mange unge er
av dei som skal på tilet fram,
me veit at utan skam
Dei seg i gjenom slær.
Tra-la-la-la-la-la!
Lat gamlekara syle opp
./. her kjem den nye tropp! ./.

Tekst: Johan Bernt Ulla